

1983

**KVA VIL
RAUD
VALALLIANSE
I
VÅGSØY ?**



STEM PÅ EIN UREDD TALSMANN -

STEM RV

RV SEIER JA!

Ja til betra sivil beredskap i Vågsøy.

Vi lever i ein spent internasjonal situasjon, der ein ny verdskrig kan bryte ut. Når radarstasjonen på Kråkenes står ferdig kan også Vågsøy bli eit bombemål. Det er ein skandale at kommunestyret ikkje har teke opp spørsmål om tryggleiken til innbyggjarane i samband med radarstasjonen. Dei tilfluktsromma som finns i kommuna er altfor dårlige og det er for få.

RV krev at det må byggjast nye atomsikre tilfluktsrom. Det må og lagast ein samla plan for sivil beredskap i kommuna.

Ja til auka løyvingar til ungdoms- og idrettsarbeidet

I ei økonomisk nedgangstid er det viktigare enn nokongong å halde oppe dette arbeidet. I motsatt fall vil dette slå tilbake i form av auka sosiale problem. RV vil gå inn for kommunal ungdomsklubb i Vågsøy. RV vil kjempe for løyvingar til idretten i kommuna.

Ja til sikra drift av krisesenteret for voldtatte og mishandla kvinner i Ytre Nordfjord. Kvinnemishandling er eit samfunnsproblem - ikkje ei privatsak.

Ja til barnehagetilbod til alle born i Vågsøy.

Ja til gratis bruk av skulane etter skuletid, symje - bassenget er óg til for å brukast.

Ja til alternativ livssynsundervisning i Vågsøy - skulane.

RV SEIER NEI!

Nei til nedskjeringar.

Vågsøy kommune har som dei fleste andre kommunane i landet svært dårlig økonomi. Dette skuldast manglande overføringar frå staten. Kommunene får stadig mindre pengar til å løyse stadig fleire oppgåver med. Så skal kommunestyret bestemme kva som skal skjærast ned på. Dette godtek dei andre partia.

RV vil reise kampen i Vågsøy kommune imot staten sin utarmingspolitikk. Om naudsynt vil RV gå inn for å lage underskotsbudsjett, basert på kva som er behov for å få gjort, og så reise krav om at staten skal dekke underskotet. RV vil kjempe for å snu tendensen, som er i kommunestyret til å godta dei trange rammene som staten set. RV vil gå imot alle forslag om å auke dei kommunale avgiftene.

Nei til Buvik - utvalet si innstilling.

Vågsøy står på "dødslista" som Buvikutvalet har laga om einsidige industristadar. I denne innstillinga som vil verta retningsgjevande for regjeringa sin politikk i åra framover vert det lagt opp til ei storstilla rasering av Distrikts Norge. RV meiner at Vågsøy kommunestyre må engasjere seg i kampen mot at denne innstillinga skal bli rådande politikk.

Nei til nytt inntektssystem for kommunane.

RV avviser forslaget til nytt inntektssystem som eit forsøk frå staten si side på å vri siste dråpe ut av, frå før fattige kommuner og skyve ansvaret over på lokale politikarar. Dersom det nye systemet blir innført vil det skape ei drastisk forverring av fellesgoder som utdanning, helse-og sosialtilbod, fritidstilbud etc.

DETTE SKILJER RV FRÅ DEI ANDRE PARTIA

- RV seier ikkje: "Stem på oss så skal vi ordne opp!" Vi seier; "Folk må gå saman og kjempe sjøl!" så skal vi love å føre kampen inn i kommunestyret. Vere "ein uredd talsmann!"
- RV trur ikkje at ein forandrar samfunnet noko særleg gjennom valg. Det kapitalistiske systemet som skaper kriser og arbeidsløyse vil fortsatt bestå. RV vil halde fram nødvendigheta av eit nytt økonomisk system, sosialismen.
- Dei politikarane som har sete i kommunestyret i ei årrekke og som har vore vande med oppgangstider er ubrukelege til å møte dagens og framtida sine utfordringar. Det som trengs er folk som kan reise kampen mot staten si utarming av kommunane. Alle dei andre partia godtek dei rammene staten set, RV gjer det ikkje.
- RV er det einaste verkelege arbeiderpartiet, som stiller til val.
- RV er det einaste sosialistiske partiet som stiller til val.
- Det er på tide at RV får ein sjanse. La oss få vise kva vi duger til.

GJE OSS EIN SJANSE!!

STEM RV

EIT UMENNESKELEG SYSTEM!!

Det norske samfunnet er eit kapitalistisk samfunn. Det tyder at produksjonen er styrt av ynsket om maksimal profitt i kvar einstkild bedrift. Dette fører til ein knivskarp og umenneskeleg konkurranse der nokre bukkar under medan andre vart rikare, og der makta vert konsentrert på færre og færre hender. Kriser og krig er ektefødde born av denne konkurransen mellom bedrifter og stater.

Visste du at:

- over halvparten av verda sine 4 milliardar mennesker har for lite mat.
- ein milliard menneske lever på sveltgrensa.
- kvar dag dør 82000 born under 15 år av svolt og sjukdom
- 800 millioner av verda sine vaksne innbyggjarar er - analfabetar.

Dette er dan internasjonale kapitalismen sitt verk.

Kapitalismen har kapital og teknologi til å:

- sikre nok produksjon av mat
- løyse energiproblem for vanlege folk i den 3.verda ved å lage td. billige solpanelovnar.
- hindra miljøkatastrofer
- leg dei mest utbreidde sjukdommane som spedalskhet, sjukdommar som skuldast underernæring.

Men den gjer det ikkje - det gjev ikkje profitt.

HAR DU TRU PÅ DETTE SYSTEMET ? HAR DET LIVETS RETT ?

I såfall kan du med godt samvet stemme DNA, Høgre eller eit av dei andre borgarlege partia. Dersom du meiner at vi treng systemskifte, dersom du meiner vi må ha eit samfunn der økonomien vert planlagt til felles beste, der vi set behov framfor profitt, der vi set menneske og natur i høgsetet- då har du berre eitt alternativ.

STEM DESSE INN I VÅGSØY!



1-2 Geir Oldeide



3-4 Kristin Blålid



5-6 Marit Nord

7-8 Kjell Oldeide

9-10 Merete Moe

11-12 Audur Rafnsdottir

13-14 Lin Holvik

15-16 Johnny Johansen

17-18 Torill Hansen

19-20 Torgunn Oldeide

21-22 Tone Kvalheim

23-24 Helge Hjertenes

25-26 Sissel Hamre

27-28 Hans Seljen

29-30 Ellinor Oldeide

31-32 Jan Kjell Blålid

33-34 Eva Flyum

35-36 Tone Hjertenes

37 Karin Fjære



stem RV

